

# REFERAT FRÅ FYRSTE MØTE I STRYN VASSUTVAL.

MØTEPlass: **Stryn kulturhus.**

TID: **26.03.08**

TILSTADES (namn med understreking er valde medlemmer i vassutvalet):

<u>Johan Øvreeide Godø</u>	Fellesstyret for bondelaga i Stryn
<u>Jakob Hammer</u>	Stryn kommune
<u>Odd Rønningen</u>	Stryn kommune
<u>Jan Træen</u>	Stryn Energi
<u>Merete Farstad</u>	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
<u>Merete Helgheim</u>	Mattilsynet
<u>Geir Lyngås</u>	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rune Bøe	Stryn Elveeigarlag
Kelly N Iversen	Statens vegvesen
Gøsta Hagenlund	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Bård Ottesen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Kjell Kvingedal,	Fylkesmannen i Hordaland
Jøran Henriksen	Stryn og Hornindal Jeger- og fiskeforbund

Innkalling til møtet var sendt frå Stryn kommune i brev av 04.03.08.

## 1. Innleiing.

Jakob Hammer er vald som leiar i Stryn vassutval av Stryn kommune, og han leia møtet. Det vart bestemt under møtet at Stryn kommune v/miljøvernleiar skal ha sekretariatsfunksjonen i Stryn Vassutval.

Det vart orientert om at Truls Folkestad var forhindra frå å møte og at temaet ”miljøplanar i landbruket – korleis harmonisere desse mot forvaltningsplanen for vassområde Stryn” skulle utstå til seinare.

Arbeidet med å oppfylle EU sitt vanndirektiv om å oppnå god økologisk status for alle vassførekomster i Norge vil fylgje ein opplagt mal med følgande typer oppdrag i denne rekkefølga:

- a) Fullkarakterisering av kvart einskild vassdrag (for det meste utført for Stryn).
- b) Utarbeide miljømål for vassførekomstene
- c) Tiltaksanalyse
- d) Tiltaksplan for nedslagsfeltet.
- e) Finne kandidatar til sterkt modifiserte vassførekomster SMVF.
- f) Miljømål for sterkt modifiserte vassførekomster og tiltak for å nå desse.

Alt dette materiale vil utgjera forvaltningsplanen for vassområdet.

## **2. Presentasjon av overvakingsplanen.**

**V/Merete Farstad.**

Farstad har gjort eit grovt overslag på kostnader med trong for undersøkingar i vassdrag i Stryn til kr 575 000,-, ekskl. rapportering og mva. Totalbudsjettet for det nasjonale prosjektet, tiltenkt overvaking, er på kr 2,9 mill. kroner. Dette inneber at vi ikkje kan rekne med å få dei midlene vi treng.

Utkast til overvakingsplan med kostnadsberekning er sendt til Direktoratet for naturforvaltning innan fristen 01.01.08.

## **3. Korleis jobbe vidare mot tiltaksprogram og forvaltningsplan for vassområde Stryn**

**V/Kjell Kvingedal.**

Vegleder på utarbeiding av forvaltningsplan for vassførekomster ligg på [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no).

## **4. Korleis skal Vassutvalet (VU) fungere – oppsummering.**

Vassutvalet (VU) skal vera eit rådgjevande utval overfor Vannregionutvalet (VRU). Vassregionmyndet ved fylkesmannen i Hordaland vil presisere oppgåver og retningslinjer for vassutvalet i Stryn. Desse retningslinjene, saman med til dømes vegledning for forvaltningsplan for vassførekomstene er eksempel på stoff som vil verte presentert i "Vannportalen" ([www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)).

Vassutvalet kan naturleg ha synspunkt på korleis saker planfagleg skal handsamast. Det vart ellers bestemt at Stryn Vassutval skal utarbeide ein møteplan med opplegg for 3 temamøte med ulike tema, der medlemmer i vassutvalet og andre kan delta. Eitt tema kan vera tilhøve mellom vassdragsinngrep (vegbygging, forbygging, kanalisering, utfylling og bekkelukking) og biologisk mangfald/fisk, eit anna kan vera tilhøvet mellom landbruksaktivitet, punktutslipp kloakk og vasskvalitet.

Kommunen skal ha eit hovudansvar for å utarbeide tiltaksplan for vassførekomsten. Frist for dette arbeidet er 01.11.08.

*Stryn VU skal ha regien på utføringa av dette arbeidet.*

*Stryn VU skal også koordinere alle innspel til tiltaksanalysen, etter oppdrag frå vannregionutvalet VRU.*

Det vart tilrådd at Stryn VU skal samarbeide med skulane for å få engasjement kring temaet vasskvalitet.

## **5. Anna.**

Det er utarbeidd ferdig rapport om botndyr og begroing for vassområde Stryn, og det er utarbeidd ferdig rapport om grunnvatn.

Stryn 28.04.08

Odd Rønningen  
referent